



Oljefondet ut av folkemord!

SV har fått gjennomslag for at det skal bli innført eit forbod mot handel og anna næringsverksemd med selskap som bidreg til å halde oppe Israel sin ulovlege okkupasjon av palestinske område.

Israel gjer seg skuldig i folkemord medan heile verda ser på. Vi har alle sett bileta og videoane. Noreg og verda må gjere langt meir for å vise at folkemord og krigsbrottsverk får konsekvensar.

Noreg kan ikkje sitje og sjå på at Israel drep palestinske barn utan å reagere. Om vi vil ha ei verd der internasjonal solidaritet, fred og menneskeverd er sterkare enn ufridom og undertrykking, så må nokon våga å kjempe.

SV har kjempa ein lang kamp for at Noreg skal gjere meir for Palestina. No har vi vunne ein viktig siger. Vi har tvinga Arbeidarpartiet til å innføre eit totalforbod mot handel med selskap som bidreg til å halde oppe Israel sin ulovlege okkupasjon og folkemord i Palestina. Med dette gjennomslaget viser vi at Noreg går føre, også mellom anna europeiske land, i å vise motstand.

Dette er eit viktig steg på vegen, men kampen er på ingen måte over. No gjeld det meir enn nokosinne å halde trykket oppe – gjennom Oljefondet tener Noreg framleis pengar på Israels okkupasjon og folkemord. Oljefondet må trekkjast ut av Israel. Då SV foreslo det på Stortinget 4. juni, stemde Arbeidarpartiet, Senterpartiet, Høgre, Frp og KrF nei.

Ønskjer du politikarar som synest palestinske barn er viktigare enn pengar på børser, bør du hugse det når det er stortingsval i haust. Bruk stemmeretten frå 11. august!

Fritt Palestina!

Sosialistisk Venstreparti

Møllergata 4, 0179 Oslo
21 93 33 00
post@sv.no
sv.no

**Meld deg inn
i SV her:**

